

Onarheim Bygdalag  
Onarheim Idrettslag  
Tveit Bygdalag  
FAU ved Onarheim skule

Tysnes kommune  
v/ rådmann og samfunnsplanleggar  
Uggdalsvegen 301  
5685 Uggdal

Onarheim 08.05.2018

## **Innspel til arbeidet med samfunnsdelen – Onarheim skulekrins**

I samband med det pågående arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen fremjer Onarheim Bygdalag, Onarheim Idrettslag, Tveit Bygdalag og FAU ved Onarheim skule eit felles innspel til det vidare arbeidet no etter folkemøta gjennomført i april-mai. Innspelet gjeld det geografiske området som utgjer Onarheim skulekrins.

### ***Bakgrunn***

Dette innspelet må sjåast i samanheng med strategidokumentet «Visjon Onarheim 2022», som vart nedfelt av ei lokalt forankra arbeidsgruppe i 2012. Målsetnadane var då:

1. Å auke innbyggartalet med 200+, gjennom oppføring av 100 bueiningar på 10 år.
2. Meir enn 50 elevar i Onarheim skule på 1. til 7. klasse
3. Full barnehagedekning på Onarheim, meir enn 50 plassar
4. Onarheim oppvekst-, idrett- og kultursenter
5. Meir enn 50 nye arbeidsplassar gjennom vidareutvikling og nyetablering
6. Betre servicetilbod innanfor varehandel, drivstoff, servering og trim
7. Båtplass til alle innbyggjarar – anlegg på Tveit, Teigasundet og OnarHamn
8. Naust og fritidsbustadar i randsonene av krinsen

### ***Kvar er me?***

Sidan visjonen vart nedfelt er det ført opp om lag 40-45 bueiningar, elevtalsutviklinga på Onarheim skule er snudd i positiv retning, og barnehagetalet er nærmar seg allereie målsetnaden. OnarTun er etablert både som handelsstad og bygdestove, og legg soleis premissane for vidare sentrumsutvikling. Det er full dekning av båtplassar innan krinsen både for fastbuande og fritidsfolk.

«Visjon Onarheim 2022» har gjeve målbare resultat so langt, og er eit viktig strategidokument for krinsen. Innbyggjarar, lag og organisasjonar i Onarheim skulekrins forventar difor at samfunnsdelen tek opp i seg den positive utviklinga som har vore, og legg til rette for ei vidareutvikling av krinsen for kommande planperiode.

### ***Kvar vil me?***

Me vil i det følgande gje innspel på utvalde tema frå planprogrammet, for å synleggjera vegen vidare

for Onarheim skulekrins.

### **Barnehage og skule**

Det er heilt avgjerande for Onarheim med eit skule- og barnehagetilbod dimensjonert i tråd med nedfelte målsetnadar og utviklingstrendar. Utan dette tapar me både i høve til busetnad og sysselsetting.

Me har vanskar med å forstå den pågående debatten om 1-10-skule. For det fyrste kom denne debatten opp like etter vedteke budsjett og økonomiplan, og utan samanheng med handsaming av skulestruktur eller skulebruksplan. Skulen i Tysnes er ikkje tent med at skuledebatt byrjar med så tilfeldige prosessar som tilfellet har vore 1-10-debatten. Me har elles registrert at det på utviklingsverkstaden for oppvekst og infrastruktur er kome opp spørsmål om 1-4-skule på Onarheim.

Ei nedbygging av skuletilboden på Onarheim vil stå i skarp kontrast til seinare års positive utvikling, og dei visjonane som er nedfelte for krinsen.

Onarheim skule er ein 1-7-skule og samfunnsdelen må reflektere dette. Noverande ordning med 1-6-skule er ein hybrid som ikkje er tilpassa det ordinære skulesystemet sine definerte borne- og ungdomstrinn. Sentraliseringa av 7. trinnet kom opp som ei budsjetteknisk sak, og varige strukturendringar kan ikkje skje så tilfeldig som dette. Frå skuleåret 2018/19 vil det vera 32 elevar ved skulen basert på seks trinn, og 36 elevar basert på sju trinn.

Noverande barnetal i Onarheim barnehage er om lag 40, og ei markant auke sidan 2012. Me ser at målsetnadane i «Visjon Onarheim 2022» er i ferd med å verte innfridde. Onarheim barnehage har dei seinare åra vakse ut av sine lokale, og situasjonen er prekær i høve til nybygg. I reguleringsplan for Onarheim sentrum er det avsett utvidingsareal for offentlege føremål. Vidare er det løyvd midlar til kjøp av grunn, og signalisert ny barnehage gjennom vedteken økonomiplan. Ein legg til grunn at barnehagen vert dimensjonert for minst tre avdelingar, der ein gjennom bygningsplassering òg set av areal til framtidige utvidingssteg.

Med bakgrunn i dei seinare års husbygging, fødselstal og barnehagetal, er det å forvente at elevtalet ved Onarheim skule vil ha ei positiv utvikling òg framover. Ei bru til Huglo vil medføra ei sterkare tilknyting til Onarheimskrinsen, og følgeleg òg gje ytterlegare tilvekst til Onarheim skule. I tillegg er det klårt at det aukande talet arbeidsplassar på Onarheim medfører tilflytting, av så vel etablerte familiar som nyetablerte.

På Onarheim har me eit godt døme på eit heilskapleg pedagogisk miljø, og Onarheim oppvekst-, idrett- og kultursenter er framheva i Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020. Heilskapstanken med Onarheim sentrum må vidareutviklast i tråd med gjeldande planverk, der ein satsar på å integrere barnehage og skule med nærmiljøanlegg, bygdetun, handel og andre sentrumstenester.

Samfunnsdelen må reflektere dette potensialet, og stimulere til ytterlegare vekst.

### **Teknisk infrastruktur, beredskapsomsyn og samfunnstryggleik**

Fylkesvegnettet gjennom Onarheim skulekrins er av ein uforsvarleg standard, både i høve til vegbreidde, kurvatur, kantsikring, veglys og manglante omsyn til mjuke trafikantar. Det siste året har me alle sett korleis vegmynda sine spede sikringstiltak over fjellet ytterlegare har innskrenka

vegbreidda. Dette har fått særlege verknadar for skuleskyssen og næringsdrivande. Som bebuarar på austsido kan me sjølv sagt ikkje akseptera no-tilstanda.

I lyset av vegstandarden og skuleskysstilbodet framstår den pågåande 1-10-debatten med 1-4-skule på Onarheim særleg underleg. For skuleborna er ikkje turen over fjellet 20 minuttar, som for privatbilistane, men godt over timen – kvar veg! Desse tapte timane får borna aldri igjen. Forutan den belastninga skyssen i seg sjølv utgjer tidsmessig, er det klårt at fylkesvegane på Tysnes er av ein slik standard at persontryggleiken vert sett på spel. Me fryktar at klisjéen om at vegar aldri vert utbeta før ulukka er funnen stad kan verte ein realitet.

Særleg kritisk for Onarheim skulekrins er mobildekninga. I ei tid der Telenor avviklar koparnettet og dei gamle telefoncentralane, kan me ikkje akseptere å verte nedprioriterte gjennom dekningskartet. Det me er vitne til er ei nedbygging av tilbod, i ei tid der samfunnsberedskapen vert meir og meir avhengig av trådlause og mobile signal.

Då det er unison semje om ei søre E39-kryssing av Languenen, går me ikkje direkte inn på dette her, men vil understreke viktigheita av at tilførslsvegane – fylkesvegane – vert prioriterte i samband med det pågående E39-planarbeidet. Vert ny E39 over Tysnes ein realitet vil dette vera totalt omveltande i høve til busetnads- og trafikkmønster, og med få avkjørslepunkt ser ein alt no at prestisjeprosjektet E39 vil legge ytterlegare press på eit forsømt fylkesvegnett. Heller enn å flikke på gamalt vegnett bør ein òg vurdere nye traséar, og ta opp att gamle for vurdering. Særleg vil me peike på Nymark-Lukksund, som i dag må sjåast i samanheng med austleg arm for E39.

Etter etableringa av OnarTun finn ein i dag handels- og tenestetilbod i nærleik av barnehage, skule, kyrkje og arbeidsplassar. I gjeldande reguleringsplanar i Onarheim sentrum framgår allereie gongvegnett frå Elsåker forbi kyrkja og fram til OnarTun og skuleområdet. Vedtekne planar må koplast saman, og reguleringsmessige opphold tettast. Onarheim sentrum framstår som meir kompakt enn det ein ofte finn i krinsar og bygdelag, og kan gjennom tilrettelegging og vidareutvikling oppnå «kritisk masse» for nye tilbod, tenester og sentrumsfunksjonar. Dette krev god teknisk infrastruktur og forutsigbarheit i høve til vassforsyning.

I samfunnsdelen lyt ein flagge behovet for omdisponering av dyrka mark sentralt i bygdelaga, og auka tilrettelegging i strandsona for ålmenta, fastbuande og næringsliv. Ei vidareutvikling av ein kompakt senterstruktur på Onarheim vil vera i tråd med nasjonale målsetnadar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

### **Kultur, idrett og friluftsliv**

Onarheim skulekrins har eit godt og variert tilbod innanfor kultur, idrett og friluftsliv, men me må streba for å vidareutvikla og forbetra tilboda. I denne samanhengen vil me særleg peike på infrastrukturtihøva i Solheimsdalen. Både vegnett og parkering er sterkt underdimensjonert i dag, og på utfartsdagar er det velkjent at både vegnett og privat eigedom vert sterkt belasta. Situasjonen i Solheimsdalen må løysast gjennom utbeta vegnett, og ei framtdsretta parkeringsdekning som kan ta unna både trafikk sumar og vinter.

### **Helse og omsorg**

Den nye sjukeheimen i Uggdal er til nytte for heile Tysnes, men me må ikkje gløyme satsing på ein desentralisert struktur av omsorgsbustadar. Gjennom tilskotsordninga for omsorgsbustadar må kommunen legga til rette for at eldre og pleietrengande kan bu i nye, enkle og praktiske bustadar

sentralt i bygdene. Dette vil fremje sosialisering og trivsel, og vera meir rasjonelt enn køyreavstandane ein i dag ofte ser for heimehjelpa. HVPU-reforma gjev kommunane eit særleg ansvar òg for vanskelegstilte, og ein må legge til rette for bustadar i etablerte byggefelt. I høve til talet omsorgsbustadar vil me særleg trekke fram Kvinnherad som ei føregongskommune.

### ***Oppsummering***

Med bakgrunn i det ovannemnde finn me at samfunnsdelen må gjenspegle seinare års positive utvikling, og legge til rette for vidare vekst på Onarheim. Samfunnsdelen må vera offensiv i høve til det potensialet som fins i krinsen innanfor så vel oppvekst, bustad, næring og omsorg. Med bakgrunn i den verdiskapinga som finn stad i krinsen, og den store delen av havbruksfondet som har opphav på Onarheim, finn me at Tysnes kommune har eit særleg ansvar for vidare tilrettelegging og satsing i krinsen.

Til lukke med det vidare arbeidet med samfunnsdelen!

På vegne av

*Heidi R. Rossland* *Maren Nordan* *Jan Mæland* *Sigbjørn Brude*  
Onarheim Bygdalag      Onarheim Idrettslag      Tveit Bygdalag      FAU ved Onarheim skule

Kopi:

- Ordførar
- Leiar landbruk/teknisk